

KVINNHERAD KOMMUNE
Rosendalsvegen 10

5470 ROSENDAL
Norge

Dykkar ref.:

Vår ref.

Dato:

Sak/dok.: 06/01383-57

03.04.2019

Ark.: 326.12

Oppstart av namnesak 2019/40 – Håvik(e)vatnet i Kvinnherad og Fusa kommune

I samband med at Fylkesmannen i Hordaland har føreslege *Håvikvatnet* som namn på eit nytt naturreservat, har Stadnamntenesta i Språkrådet reist namnesak for naturnamnet *Håvik(e)vatnet*, jf. brev datert 23.01.2019. Kartverket nyttar samstundes høvet til å reisa namnesak for nokre andre namn. Saka vert reist for å få avklart rett skrivemåte for offentleg bruk.

Kartverket sender med dette saka på lokal høyring i kommunen, jf. § 6 i lov om stadnamn. Etter forskrift om stadnamn § 8 siste ledd, er det i tillegg til primærnamnet reist sak på primærnamnet og avleidd namneformer. **Me bed Fusa kommune, som får kopi av dette brevet, om å gje høyringsfråsegn for Håvik(e)vatnet, som ligg delvis i Fusa.**

Det går fram av den vedlagde lista kva namn som er med i saka.

For fleire opplysningar om namna, sjå innsynsløysinga vår for SSR: <http://norgeskart.no/ssr/>. For fleire opplysningar om bruksnamna, sjå www.seeiendom.kartverket.no (søk på: gnr/bnr, namnet på kommunen).

Lokal høyring

Kartverket har vedtaksrett for skrivemåten av nedervde gards- og bruksnamn, seternamn og naturnamn. Før det vert gjort vedtak, har kommunen rett til å uttala seg. Eigarar og festarar har rett til å uttala seg om gardsnamn og bruksnamn, og lokale organisasjonar har rett til å uttala seg om skrivemåten av namn som dei har særleg tilknytning til. **Saker som gjeld bruksnamn skal eigarane få tilsende direkte frå kommunen.** Det går fram av den vedlagde lista kva for nokre bruk dette dreiar seg om.

Bruksnamn

Etter lov om stadnamn har grunneigaren rett til å fastsetja skrivemåten av namnet på eige bruk dersom han kan dokumentera at skrivemåten har vore i offentleg bruk som bruksnamn (på offentleg kart, på skilt, i matrikkelen, skøyte e.l.), jf. § 6 andre ledd i lov om stadnamn. Det er Kartverket som formelt vedtek skrivemåten, men dersom grunneigaren ynskjer ein annan skrivemåte enn den Kartverket vedtek, kan han senda krav om det til Kartverket og leggja ved gyldig dokumentasjon.

Normeringsprinsipp og saksgang

Etter § 4 i lov om stadnamn er hovudregelen å ta utgangspunkt i den nedervde, lokale uttalen og fylgja gjeldande rettskrivingsprinsipp ved normering av stadnamn. Skrivemåten skal vera praktisk og ikkje skyggja for meiningsinnhaldet i namnet. I Utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn er det meir detaljerte føresegner om korleis stadnamn skal normerast.

Skrivemåten i primærfunksjonen vil normalt vera rettleiande for skrivemåten av det same namnet i andre funksjonar, t.d. for adressenamn som er like eller avleidde av namnet, jf. § 4 andre ledd. Kommunen må difor setja ev. pågåande saker som gjeld adressenamn og adressetilleggsnamn der dei same namna inngår, på vent til det er gjort vedtak om skrivemåten av primærnamna. Kommunen må ta omsyn til den vedtekne skrivemåten av primærnamnet når dei skal gjera vedtak.

Kommunen har ansvaret for å kunngjera at namnesaka er reist, t.d. ved notis i lokalavis og på nettsidene sine. Kommunen har òg ansvaret for å innhenta og samordna dei lokale høyringssvara. Dei skal sendast til *Stadnamntenesta i Språkrådet, Språkrådet, Postboks 1573 Vika, 0118 Oslo (post@sprakradet.no)*, med kopi til Kartverket. Stadnamntenesta vil så gje endeleg tilråding til Kartverket. Ordinær høyringsfrist for kommunen er to månader frå dei får dette brevet.

Venleg helsing

Linn Winnæss-Karlsen
sakshandsamar stadnamn

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

Kopi Språkrådet
 HORDALAND FYLKESKOMMUNE
 FUSA KOMMUNE